



Linn Mari Kjeilen  
Lynghaugen 3  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 16/19743

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
08.07.2016

## Anmodning om fjerning av vegetasjon langs kommunal veg - gbnr 108/363, Lindås

Lindås kommune ved Teknisk drift har motteke uromelding om dårlig sikt i Dykkar avkjørsle frå Kolåsvegen. Teknisk drift har vore på synfaring og registrert at det veks ei del vegetasjon i siktsona til Dykkar avkjørsle. Dette utgjer ein trafikkrisiko for dei som ferdast i og langs kommunevegen.

Vi vil gjere Dykk merksam på at De som eigar av avkjørsle har plikt til å halde avkjørsla rydda for vegetasjon etter fastsettingar i Veglova § 43 med tilhøyrande regelverk. Innanfor siktsona kan vegetasjonen ikkje vere høgare enn 0,5m over vegplanet. Dersom vegetasjon ikkje blir halde i forsvarleg stand, kan kommunen syte for fjerning av vegetasjon på Dykkar rekning.

Teknisk drift anmoder Dykk om å fjerne vegetasjon i siktsona til avkjørsle slik at ein reduserer risiko for påkjørslar og får betre trafikktryggleik i avkjørsla.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**  
Linn Mari Kjeilen

Lynghaugen 3 5955

LINDÅS